



Silje Soldal syt for at det er velstelt rundt ballbingen i Korsnes.

**Mange har nok lagt merke til at det er fint halde rundt ballbingen og leikeplassen ved innkøyrsla til Korsnes byggefelt også denne sommaren. Med jamne mellomrom vert skråningen slått, og dermed framstår den som nyslått og velhalden i frisk grønfarge. Æra for dette skal Silje Soldal (17 år) ha. Ho gjer ein flott jobb, og bra er det også at Korsnes Vel dei seinare åra har gitt slike oppgåver til ungdommar.**



Noko av den relativt store skråninga som Silje held så fin.

Ustyrt med ein solid grastrimmar, briller, verneutstyr og musikk på øyra barberer Silje skråningen slik at alle som køyrer inn til byggefeltet får eit fint førsteinntrykk. Det er første sommaren Silje som blir 18 seinare i år, har denne jobben. Den har ho overtatt etter tvillingbroren Jostein som no har sommarjobb på fiskeanlegget ved Skorpo og har det svært travelt med det.

Silje er kjend som ei aktiv idrettsjente i bygda i fleire idrettar. No i sommar har ho også fleire sommarjobbar; - tre i talet. I tillegg til slåttejobben vaskar ho kontor i Rosendal og jobbar på Rosendalstunet. Sistnemnde jobb er i tråd med utdanningsvegen hennar og gjev henne god og nyttig praksis i så måte. Til hausten byrjar ho andre året på Kvinnherad vidaregåande skule, - på helsefag. Tvillingbroren, Jostein, har også sommarjobb i tilknytning til skulegongen han tar. Han lærer nemleg om fiskeoppdrett ved Fusa vidaregåande skule,

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.